

ÅRSMELDING FOR KLØVHEIM SKULEKORPS 2013/ 2014

Ref vedtak på årsmøte 23.10.2013, er tidspunkt for årsmøte endra til februar og årsmøteperioden vil følgja kalenderåret. Difor tek denne årsmeldinga for seg perioden frå sesongstart hausten 2013 til 31.12.2014. Perioden for tillitsvalde har av same grunn vore lengre enn vanleg.

STYRE/ ANSVARSOPPGÅVER

Styret denne perioden:

Leiar: Bjørnar Eidsheim

Nestleiar: Helen O. Hindenes

Kasserar: Olav Tveito

Sekretær: Norunn Åkernes Jordal

Styremedlem: Brit Ingrid Eknes

1.varamedlem: Vivian Bjørnsen

2.varamedlem: Torunn Hjelmtveit

Tillitsvald frå korpset: Siren Åkernes Jordal

Tillitsvald frå korpset: Tarjei Bjørnevoll

Valnemnd:

Marianne Øvretveit

Tove Øvretveit

Revisor:

Ramona B. Fjellanger

Bjørnar Eide

Andre ansvarsoppgåver:

Uniformsforvaltarar: Vivian Bjørnsen

Hilde Kvingedal

Notearkiv/ kopiering: Marielle Bjørnevoll

Material-/ instrumentforvaltar: Marielle Bjørnevoll

Basarnemnd: Kjersti Nordanger

Nina Kleiven

Siv Merethe Myhr

KOMITE FOR ENGLANDSTUR:

Espen Sætre (leiar)

Kjersti Nordanger

Olav Tveito

Sveinung Toft

MØTE:

MEDLEMSMØTE

Dirigent og musikantar har hatt medlemsmøte ein gong pr semester.

FORELDREMØTE

Det var foreldremøte 23.01.2014 og 23.10.2014

STYREMØTE

Det har vore 8 styremøter og 21 saker er tekne opp.

ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte vart halde 24.10.2013

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte for godkjenning av rekneskap for 2013 vart halde 06.03.2014

ANDRE MØTE:

Leiar har representert korpset på følgjande møter:

- Møte med Lindås Kulturskule
- Dialogmøter med EBML

DIRIGENTAR/ INSTRUKTØRAR

Magnus Brandseth slutta etter 5 år som dirigent til sommarferien 2014. Jannicke Eide Ellingsen overtok som fast dirigent frå august 2014. I tillegg til korpset har dirigent og ansvar for aspirantudervisninga. I dei tilfella der den faste dirigenten ikkje har kunna stilla har dei ordna med vikarar. Dette har vore i periodane rundt Siddis Brass, NM for brassband og EM for brassband og gjeld både Magnus og Jannicke sidan begge er aktive i EBML. Forskjellige vikarar har vore brukt, men alle har vore godt kvalifiserte slik at kvaliteten på øvingane ikkje har vorte redusert.

Det har vore ei prioritert oppgåve å halde faste øvingstider for korpset sjølv om fast dirigent ikkje kan stilla.

Elles har korpset hatt innleigde instruktørar til øvingshelger i samband med konkurransar.

MUSIKANTAR/ASPIRANTAR

Ved oppstart hausten 2013 hadde korpset 22 musikantar og 4 aspirantar starta opplæring. Ved årskiftet 2013/14 kom det inn ein aspirant til.

Ved årsskiftet 2013/14 gjekk ein musikanter av for aldersgrensa mens ein slutta av andre årsaker.

Ved oppstart hausten 2014 hadde korpset 24 musikantar og 1 aspirant. Denne aspiranten hadde litt speleerfaring frå før og gjekk inn i korpset på slutten av året. 3 musikantar gjekk av for aldersgrensa ved årskiftet 2014/15.

Opplæring for nye aspirantar vert teke opp att i januar 2015.

ØVINGAR

Korpset har hatt mandag og torsdag som faste øvingsdagar. Mandagar har det vore aspirantundervisning/individuell undervisning/gruppeøvingar i tillegg til korpsoving. Det har vore 2 øvingshelger i sesongen 2013/14, ei i haustsemesteret og ei i vårsemesteret. Hausten 2014 har det vore to øvingshelger, oppstartsseminar og før Sotrafestivalen.

Mange musikantar har delteke på EB Junior/Mini EB/Knøtteseminar

Musikantar frå korpset deltok på EBML sitt Feriespel i Knarvik i juli 2014.

KONSERTAR/ SPELEOPPDRAG:

Knarvikmila 2013

Sotrafestivalen 2013: 1.plass i 2. div/Vandrepokal for høgaste poeng/Solistpris

Mini-konsert i ungdomshuset på Fammestad (Saman med Ostereidet Skulekorps) 01.12.2013

Speling på Kløvheim bygdelag sin lysfest ved butikken på Kløve. 13.12.2013

Speling i Knarvik og Lindås Senter desember 2013

Julekonsert i Myking kyrkje 15.12.2013

Speling på Kløvheim skule sin julefest.

Speling julaftan i Myking kyrkje 24.12.2013

Speling på VilVite (Statoil juletreffest) 05.01.2014

Hordablæsten 15.03.2014 Grieghallen, Bergen. 1. plass i 2 div.

Speling på korpset sin basar i ungdomshuset på Fammestad 16.03.2014

Speling under 17.mai-feiringa på Kløvheim

Speling i konfirmasjon på Høyland, mai 2014

Speling på korpset sin sommarfest på skulen

3 konsertar i Brighton, England

Knarvikmila 2014

Sotrafestivalen 2014: 2. plass i 2 div/solistpris

Minikonsert på Fammestad 30.11.2014

Speling på Kløvheim bygdelag sin lysfest ved butikken på Kløve 05.12.2014

Julekonsert på Myking 14.12.2014

Skulen sin juleavslutning

Speling julaftan i Myking kyrkje 24.12.2014

DUGNAD SARBEID OG INNTEKTSKJELDER

Utkantfestivalen 2014

Vasking av Statoil sine hytter i Stordalen sommar 2014

EBML sitt feriespel i Knarvik

Seminar

Speling på juletreffest for Statoil på VilVite.

Speling før jul 2013 i Knarvik og Lindås Senter inkl sal av div julepynt.

Speling på Knarvikmila 2013/2014

Haustinnsamlinga 2013/2014

Mini-konserten 2013/2014

Morsdagslotteriet 2014

Basar 2014

Sal av 17. mai-program 2014

Sommarfest 2014

Grasrotandelen

Tildelingar frå ulike fond og prosjektmidlar (Sparebanken Vest, Instrumentfond, kulturmidlar)

Diverse sponsorar i samband med Englandsturen

FORELDREFOREININGA

Ein del foreldre har møttest til sosialt samvere i korpset si øvingstid.

ANNA

På bakgrunn av at tidspunkt for NM for skulekorps i 2014 var endra, vart det bestemt at me skulle reisa på utanlandstur i staden. Valet fall på Brighton i England 20-24 juni. Turen var på alle måtar ein stor suksess, val av reisemål, sosialt og ikkje minst musikalsk. Korpset fekk stor merksemd under konsertane og mykje gode tilbakemeldingar frå eit engasjert publikum. Stor takk til reisekomiteen v/leiar Espen for god planlegging og gjennomføring av turen.

Dei siste åra har me gått vekk frå å ha 4. klasse som grense for aspirantar. Styret har vurdert at me vil fortsetja med denne praksisen og ser kun fordelar med å starte aspirantopplæring i yngre alder, så lenge born og foreldre er motiverte. Framtidige styre bør likevel følgje opp og vurdere denne praksisen fortløpande.

Korpset har fleire musikantar som spelar i amatørkorps (Oster og Radøy). Her har ein følgd innarbeidd praksis med at skulekorpset har første prioritet. Det er viktig at dette prinsippet vert vidareført. Det må likevel ikkje hindra at ein i enkelttilfelle gjennom god dialog kan finna alternative løysingar til felles beste.

Kløvheim 18.02.2015

Bjørnar Eidsheim

- leiar -